

# KYRKJEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 133

Kjem ut  
kvar måned

November 1941

Utgjevar og redaktor:  
Prost Slaattelid  
Davik

12. årg.

### I nadverdstunden.

Met.: Hjem jeg lenges.

Å, jeg vil så gjerne knele  
ved ditt nadverdbord idag  
og i hellig andakt dvele  
der i dine venners lag

Akk, men er jeg verdig, Herre,  
for jeg kunne knele ned,  
troen er så svak dessverre,  
fattigslig min hjertefred!

Og så ofte synker dagen  
mørk i nederlagets hav,  
medens utslitt og forjagen  
sjelen skriker mot sin grav.

Men min Gud som aldri stenges  
ut av nuets grensevakt,  
å du vet, du vet jeg lenges  
som jeg mangan gang har sagt.

Å, du vet jeg vil så gjerne  
leve helt og sant for dig  
i min vrå og i det fjerne,  
hvorsomhelst du leder mig.

La mig da i lys av ordet  
føle Åndens vingeslag,  
når jeg nu tar plass ved bordet  
blandt din barneflekk idag.

Sogneprest v. d. F. Chr.

### Helsing frå Trøndelag.

Det er alt ei god stund sidan eg vart  
bedd om å sende ei helsing til »Kyrkjeblad  
for Davik«, og det vil eg gjerne gjera.

Først vil eg då fa bera fram ein *takk* for  
alt bladet har gjeve meg av *åndeleg* velsig-  
ning og hjelp! — Ved sida av det bladet  
gjev for tanke og tru, ber det dessutan med  
seg ein frisk pust frå heimbygda, og dei  
mange kjære og kjende der, noko som for  
ein »utvandrar« er usegjeleg gildt!

Når eg no skulle sende ei lita helsing til  
bladet, — eller rettare *gjennom* bladet —  
til alle dykk som eg vonar les det med same

interesse og hugnad som eg sjølv, då vil eg  
knyte denne helsinga til eit kjært minne som  
har fylgt meg, og vore meg til hjelp og  
signing, so mang ein gong, sidan eg som  
15 år gamal gut for første gong sa farvel  
til heimen og dei kjære, og reiste ut i den  
verda som baud på so mykje av det som  
for meg, og alle unge i den alderen, var  
ukjent — og *fårleg*!

Det er ikkje *alle* minne som er ljose og  
gode, og som lyfter ein opp, medan alt anna  
dreg *ned*, mot djupet — avgrunnen! — —  
Det er gildt i freistingsstunder at der er  
eitt og anna *ljuset*, ein og annan *vegvisar*,  
som både *syner* rette vegen og hjelper ein  
å *gå* vegen! — Eit slikt ljøs vart *dette min-  
net* for meg mang ein gong, både dei åra  
ute i »det framande landet« og sidan eg  
ved Guds nåde fann heimatt.

Det var ein fager septembersundag for  
21 år sidan. Saman med mor og far var  
eg på veg til den kyrkja som for meg er  
*kyrkja* fram om alle, — den *heilagdomen*  
som eg minnest so vel, og som det knyter  
seg so mange dyre minner til, alt frå den  
dagen ho vart vigd, etter restaureringa 6.  
august 1912. Ogso *den* dagen sat eg der  
under kyrkjekvelv i lag med mor og far, —  
som barn.

Denne strålende sundagen i september  
1920 var *konfirmasjonsdagen* min. — Aldri  
gloymer eg vel den underlege kjensla der  
inne i barmen, då dei nådde øyro, tonane  
frå dei klokkone som eg sidan høyrde so  
tidt *kalla, lokka, drog, formante, i glede* og i  
*sorg*! — *Denne* dagen var det på ein særleg  
måte, *meg* dei *kalla*, og helsa velkomen til  
Herrens hus! — Det var *eg*, som saman  
med ein flokk andre unge, skulle bera fram  
»den gode vedkjenninga«. — Eg vil tru det  
for mange av oss verkeleg var so ålvorleg  
at det vart eit minne, ei *oppleving* for heile

livet, ein dag som vil leve i minnet vårt, medan so mange andre minne døyr. — Kan vel nokon av oss heilt *gløyme* den høgtidsstunda, då vi bøygde oss omkring altarringen, og inn for Herrens åsyn, for Gud og menneskje lova å forsaka og tru?!

Men konfirmasjonen vart *meir* enn eit heilagt *minne* for *mange*. Og det *skulle* den vera for *alle*! — For meg vart den dagen noko av ei *oppleving*. Eg vart *grepen*. — Gud var so underleg nær. Eg vart, på ein måte som det ikkje er lett å tolke, lyft av ei usynleg hand, ei høgre makt, opp og inn i ei onnor, ei høgre, betre, reinare verd, inn i ei atmosfære der alt vondt og stygt var stengt ute, og alt liksom anda av reinleik og fullkoma.

Kva var det? Ein fager draum berre? Ei synkverving? Eller var det *eit kall* frå *Gud*, han som eg den dagen lova evig truska? — Eg trur det var det siste! — Mange unge er samde om at Gud *møtte* dei, og *kalla* dei under konfirmantførebuinga, og særleg konfirmasjonsdagen som kanskje aldri elles! — Og mange var dei som *lydde* Herrens røyst og *fylgde* kallet. — Lukkelege alle dei som i den alderen gav Jesus Kristus hjarta og liv! *Dei* sannar at: »Et ungdomsliv er skjønt som morgenrøden, når kun det leves *rent* i Herrens frykt! Det knekkes ei av stormvær eller døden, når det på klippen Jesus Krist er bygt!«

Men mange gjekk det vel diverre som meg sjølv. Eg vakna liksom or ein fager draum. Eller kanskje det er rettare å segje at eg *sovna* att, etter å ha vore i ferd med å *vakna opp* til verkeleg liv! Det eg opplevde — og lova — der inne i heilagdomen, *kvarv*, som so mykje anna av det gilde livet gav. Berre ei lita stund etter, og livet var ikkje lenger eit liv i forsaking og tru, i reinleik og dygd, i pakt med konfirmasjonen, og *opplevinga den dagen*. — Eg braut lovnaden, sveik både Gud og menneskje — ja, eg sveik det beste i meg sjølv! — Difor vart der sidan hjå meg, som hjå so mange elles, eit djupt, blødande, sviande sår. — Eg hadde lide skipbrot! — Barnetrua var der nok. Men livet hadde liksom ikkje rom nok for henne! — Eg hørde so tidt den såre gråten der inne i barmen. — Det var *barnet* i meg, som stridde for livet, medan eg gjorde

kva eg kunne for å døyve den klagande røysta der inne.

Tru om ikkje mange konfirmantar og andre unge — ja eldre med — har det nokolunde likeeins? — Kanskje desse orda vert lesne av ein eller annan som kjenner seg att? — Lat meg då få lov å helse deg frå *han* som både eg og du sveik so ille, ei helsing nett til *deg*: Veggen attende er open! — Du kan finne att di barnetru og din barndoms Gud! Den hjartefreden du kjende då du ærleg lova *han* evig truska som elska deg og alle inn i døden, men som du misste då du, ved synd, vende *han* ryggen, den freden vil du atter eige frå den stunda då du opnar hjarta ditt for *han* som enno *elskar* deg like høgt og varmt! — Eg misste freden eg og. — I 4 lange år jaga eg etter fred og lukke på dei vegane der mange endå i dag freister finne det dei meiner gjer lukkeleg! Men den *sanne* freden og lukka fann eg først då eg, 18 år gamal, bøygde meg »ved korsets fot hos Jesus«! — *Den* dagen og *den* opplevinga vil eg takka Gud for so lenge hjarta mitt rører seg i barmen min! Ja, »en evighet ei bliver lang, til å lovprise ham med sang!«

Kom attende du og *kjære* ven, kven du enn er! — Den lukka verda gjev er stuttvarig og lite verd! Ho er som såpeboblen som sprekk og er ikkje *meir*! — — Lat Jesus Kristus få deg no — heilt og utan atterhald! Han vil frelse deg, og han vil bruke deg i si teneste! — Det *høver* for *ungdom* å leve livet til Herrens ære! Og er du ikkje lenger ung, so gjev Herren det som er att av livet ditt og kreftene dine!

Tenkjer du rett etter vil du finne at det i grunnen er *du* som *treng* Jesus — at det først og sist er i di eiga interesse at du legg livet ditt i hans hand! — Du har vissi alt røynt so mykje — og lever du enno ei stund, vil du truleg få røyne endå *meir* av det tunge og vanskelege i livet — so du sannar at livet slett ikkje alltid er so liketil og lett! — Å nei, livet vert nok noko anna og *meir* enn berre leik og dans — ei vandring på roser! — »Alle har sitt, stort eller litt. Himlen alene for sorger er fri!« — Dei er mange og dei er *lukkelege* alle som har fått mod til å erkjenne og a vitne: »Jeg må have Jesus med meg, midt i livets kamp og strid.

i de lyse, gode dager, som i kors og trengsels tid!« — Utan Jesus, når stormane i livet møter ein, er ein like hjelpelaus og vonlaus som vesle båten som utan ballast og ror, driv mellom bråt og brand! — Der er ikkje noko som *held og ber*, når det røyner på! Men er Jesus med i livsbåten, so vert det sanning for ein dette som vi sang konfirmasjonsdagen vår, i salmen: »Velt alle dine veier.« — *Det er noko av minnet som tyigde meg gjennom alle desse åra, avdi eg atter og atter fekk slik bruk nettopp for ein som kunne »stormen binde, og bryte bølgen blå«!* Eg trong *han* som i dei mange veglause heider, kunne »veien finne hvorpå *min* fot kunne gå!« — Det er berre *han* som kan! — *Han stiller alle stormar! Han lækjer alle sår!* Han vender sut og sorg og sår saknad til fred, glede og takk! — Og med *han* ved sida i livsens strid, i *alt* som møter ein, finn ein at der trass i alt er eit liv og ei verd, som er *høgre, betre og rikare* enn den verd som, diverre, so altfor mange tunla seg ut i, alt i dei tidlege år!

Når Jesus kjem inn i hjarta og livet vårt, då først får livet verkeleg verd, innhald, meining og mål! — Der vert ein annan dån over ungdomslivet når det vert levt under dei signande, naglemerkte hendene hans! — Difor vener — unge og eldre — gjev *han hjarta* dykkar! Lev livet i samfund med han, og til hans ære som kjøpte oss alle so dyrt, med sitt eige heilage liv og blod!

So sender eg med dette ei broderleg helsing til alle kjende og ukjende lesarar av »Kyrkjebladet«, og særleg til alle Rugsund-konfirmantane frå 1920!

Hellfred Olsbo.

### Feltpresten.

Håkan Mörne forteller i sin bok om krigen i Finland: »Ærens vinter«, følgende hending. —

Disse folkene fra Savolaks var svært religiøse, og feltpresten deres strakte godt til for den lille styrken. Pastor Simojoki var med overalt, han gav hver og en den trøst han trengte, og dessuten stelte han med de sårede. Han var ikke engstelig av seg og gikk gjerne ut der hvor kulene pep for å plukke opp en mann som lå med nesen i

sneen. Men det var ikke for et medmenneskes skyld at denne presten sluttet sin jordiske vandring.

Russerne ved Koirinoja hadde sine egne metoder i kampen mot minene våre. De anvendte hestene sine til å 'nøytralisere' minene. Dyrene ble drevet ut over markene i flokkevis, og visstnok lyktes det i regelen våre soldater å felle dem med velrettede skudd før en eneste mine var gått i luften, men mange ble uvegerlig skadeskutt og døde en smertefull død i ingenmannsland.

En dag hadde dette kavalleri uten ryttere atter vært i ilden og var blitt drevet tilbake. Men en skadeskutt hest ble liggende igjen på isen foran våre stillinger. Det stakkars dyret skrek og stønnet som et menneske, pint av angst og smerte. Hele bataljonen lider ved å høre på det. Hestens uhyggelige skrik skjærer i ørene. Guttene var allerede herdet i ild og blod, men nå ble de ganske fra seg. Hos mange brøt kaldsvetten frem på pannen. Men ingen kan gå ut på isen for å gjøre slutt på pinslene. Ingen får lov til å gjøre det, for det er en klar dag, og de russiske maskingeværene er innstilt mot det åpne skuddfeltet.

Men i bataljonen var der en mann som ikke tok imot ordre fra befalet, iallfall gjorde han det ikke denne gangen. Han adlød en Annens bud. Pastor Simojoki grep en pistol og gikk rolig ut over den hvite flaten som bare hist og her var sprengt i stykker av sirkelrunde flekker etter granatnedslagene. Det var merkelig stille mens han gikk. Ikke et skudd falt, ikke et maskingevær knitret på noen av sidene.

Så nådde feltpresten sitt mål og skjøt hesten. Han snudde seg og tiltrådte veien tilbake like rolig som han hadde begitt seg dit ut. Men da ble med ett stillheten revet opp av en kort bitende serie fra et russisk maskingevær, og presten falt med ansiktet i sneen.



### Våre døde.

24. mai: Andrine Simonsdtr. Erviksæter, kona til Jørgen O. Erviksæter; f. 1873; bronkitt.

12. sept.: Elisabet Ellingsdtr. Risøy, kårenkje; f. 1871 i Svoren.

28. sept.: Amalie Larsdtr. Angelshaug; kårenkje; f. 1873 i Grindøy.
5. okt.: Bertina Rasmusdtr. Totland, kona til Olai Totland; f. 1872 på Totland; sukkersykje.
23. sept.: Kristen Andersson Myklebust, g. gbr.; f. 1882; kreft.
22. sept.: Odin Olsson Solibakke; ug. gbr.; f. 1883; kreft.
11. okt.: Anna Pedersdtr. Elde; ug. hushjelp; f. 1905; polyomyelit.
14. okt.: Jens Olsson Reksnes, g. kårman; f. 1860 på Eikås; ulukkestilfelle.

**Hvo ved hvor nær mig er min Ende?  
Se, Tiden meget hastig gaar.**

### Notisar.

**Døpte:** 5. okt.: Målfrid Johanna, f. 3. aug. av f. Johan Johannson Starheim, Kjølssdal, og Jofrid Pedersdtr. (f. Nordtun). — S. d. Petra, f. 29. aug. av f. Alf Bergesson Homborstad og Jenny Pedersdtr. (f. Kleppe). — 12. okt. Jon, f. 5. aug. av f. Reinard Jakobsson Nyheim, Berle, og k. Norunn Hansdtr. (f. Sundal). — S. d. Solveig Marit, f. 23. aug. av f. Ingvald Matiasson Ødegård, Berle, og k. Henry Rasmusdtr. (f. Svarstad).

**Ektevigde:** 15. aug. Kristofer Nilsson Skeistrand og Målfrid Rasmusdtr. Myklebust. — 3. okt. Iørgen Pettersson Berstad og Liv Hjalmarsdtr. Kjelsvik, Sande. — 4. okt. Josef Iversson Husevåg og Ranveig Henriksdtr. Husevåg. — 4. okt. Edvard Andersson Flølo og Anna Kristensdtr. Kongshaug. — 18. okt. Albert Andersson Osmundsvåg, Selje, og Ella Andreasdtr. Angelshaug. — 25. okt. Josef Rasmusson Hammer, Krabbestig, og Else Pettersen.

**Til sjukerøktlaget** er innkomne: Maiblo mar: Skatestraumen 9 kr., Torheim 6, Reksnes 6, Bortne 4. — Lagspen gar: Skatestraumen 5. — Bazarar: Torheim 137, Ålfot 190.

**Kyrkjedepartementet** har gjeve pabod om: at gamle Landstad salmebok og Hauges salmebok ikkje skal brukast ved gudstenestene lenger enn til våren 1942. Til den tid skal anten Nynorsk salmebok eller Landstad reviderte salmebok innførast. Her i prestegjeldet lyt ein såleis ha soknemøte for a avgjera kva for ei av desse to som skal takast i bruk.

**For 100 år sidan:** Døde: 23. nov. 1841 Ingebrigt Olsen Homborstad, gaardmand, 61 år. — 17. nov. Ingeborg Martinsdtr. Rødeggen, kaarkone, 77 år. — 25. nov. Martin Olsen Almending, kaarmann, 74 år.

**Utvandra til Amerika frå Davik.** 1886: Elisa Pedersdtr. Årdal, Ingeborg Iversdtr. Dommesten, Anne Martinsdtr. Dommesten, Ole Iversen Dommesten, Martinus Olsen Åsene, Rasmus Pedersen Hamre (Daviknaes) med kona Kari Abrahamsdtr.

og 3 born, Kristian Jørgensen Åse, Jakob Rasmussen Homborstad, Anders Simonsen Homborstad, Johanne Simonsdtr. Homborstad, Jens Olsen Eikås, Mons Olsen Eikås, Henrik Olsen Åse, Helene Andersdtr. Daviknaes, Nils Jonsen Ottervik og dottera Anne Marie, Jon Monsen Åland med kona Larsine Helgesdtr. og 4 born, skomakar Rasmus Andersen Indre Nore med kona Helene Pedersdtr., Pernille Paulsdtr. Sollidbakke, snikkar Jonas Eriksen Totland, gbr. Gregorius Pedersen Heggedal med kona Ingeborg Noesdtr. og 2 born, gbr. Jørgen Pederson Gjesdal, Elias Simonsen Nore, gbr. Anders Jakobsen Bortne og kona Johanne Pedersdtr., gbr. Abel Eriksen Eldevik og kona Marta Hansdtr., Karolus Augustinusson Eldevik, Hans Hansen Hessevaagbakke, Jakob Hansen Hessevaagbakke, gbr. Johan Jørgensen Isene med kona Brite Abelsdtr. og 5 born.

### Gudstenester:

1. sund. i advent, 30. nov.: Rugsund.  
2. sund. i advent, 7. des.: Davik.  
3. sund. i advent, 14. des.: Totland.  
4. sund. i advent, 21. des.: Ålfot.  
1. joledag, 25. des.: Davik.  
2. joledag, 26. des.: Rugsund.  
Sund. etter jol, 28. des.: Kjølssdal.

**Fødselsdagar:** Hans Martinusson Reksnes vert 60 år 2. desember. — Albert Hessevik vert 50 år 11. desember.

**Kontingent** betalt av: Jonas Brobakke, Ragnhild Hessevik, Kristine Lutentun 5 kr. — Fru Laura Maurstad, Rasmus J. Maurstad, Kristine Myklebust, Hans Sigdestad, Oline Maurseth 3 kr. — Rasmus M. Nave, Andreas Krokepollen, Ingvald Bergheim, Sogni Kjølssdal, Helene Askeland 2 kr. N. N. 7 kr. — H. B. 5 kr. — Tilsaman 62 kr.

Hjarteleg takk til alle.

### Det moderne syn på Kristus.

På et møte i Brønderslev, Danmark, holdt biskop Chr. Ludwigs, Ålborg, et foredrag, hvori han bl. a. fremkom med følgende betegnende uttalelse:

»Nu taler fiendene av påskebudskapet måskje ikke lenger ondt om Jesus Kristus. Men man taler om ham med de skjønneste ord. Han er den største og den herligste. — Men de forlanger én ting av ham; han skal være en død mann. Han må nok leve som andre mennesker kan leve etter deres død, i de ord de har sagt og skrevet, eller i hva de har gjort, men dermed ferdig.»